

FRÅSEGN TIL HØYRING

Handsaming av saka «Høring-forslag til endringer i utdanningsstøtteleven»

Saka er sendt frå Kunnskapsdepartementet til fylkeskommunen for handsaming. Ungdomspolitisk utval vart bedne om å kome med framlegg til denne høyringa.

Saka vart handsama på møtet den 9. d.m., Skei i Jølster. Desse var til stades på møtet: Dag Henrik Nygård (leiar), Oline Birgitte Nave, Ingrid Årdal, Dorthea Keilegavlen Grane (fast møtande for Alice Beate Holm) og Rune Nygård (vara). Fråfall: Sofie Sundberg (meldt på førehand).

I dette dokumentet vil Ungdomspolitisk utval kome med ei fråsegn til høyringsframlegget. Vi vil gjere merksam på at vi kun har hatt høve til å setje oss inn i dokumentet «Høring-forslag til endringer i utdanningsstøtteleven» datert den 14. f.m. med referansenummer 14/4810, på grunn av tida det tek å setje seg inn i det.

I dette dokumentet er med «foreldre» dei som har foreldreansvaret for barnet. Med sambuar er det meint sameleis med definisjonen i Barnetryktdloven § 9.

Vi meiner det er viktig at sambuarar vert jamstelte med ektefellar. Dette fordi at samfunnet vårt har brigda seg mykje på kort tid. Særleg speglar dette seg att i livsformene til folket. I verste fall vil ein risikere at folk unnlet å gifte seg fordi det er økonomisk best for borna. Eit par med sambuane menneskje som lever i eit ekteskapsliknande forhold, er i praksis det same som å vere gifte, unnateke dei lovreguleringane som skil desse med rettar og plikter. Dersom ein reknar med ektefellen til foreldra, bør ein òg rekne med sambuarar som lever i eit ekteskapsliknande forhold, når ein skal rekne ut stipendet åt søkjaren.

Dersom ein ikkje skal brigde § 7 fyrste stykkje siste punktum, i Utdanningsstøtteleven, bør ein definere ordet «steforeldre» i lova, for å unngå at dette vert tvitydig. Ein må gjere det klårt om ein meiner ektefellen åt ein av foreldra, der begge foreldra lever, eller om ein meiner ektefellen åt ein av foreldra der den andre forelderen er død. Dette kjem, etter vår meining, ikkje klårt nok fram.

Vi meiner det er rett at ein skal take omsyn til nye ektefellar og sambuarar i utrekninga av utdanningsstønad. Dette fordi at to personar som kan forlotte utgiftene mellom seg, vil gjere at dei faste utgiftene for kvar part stort sett vert lægre enn dersom dei må dekkje alt åleine. Vi meiner at det sentrale skal vere om ein er eineforsørgjar eller om ein bur saman med nokon. Om desse er gifte eller sambuande bør altså ikkje ha innverknad.

Som kommentar til avsnittet over, vil vi få tydeleg fram at vi meiner det skal leggjast mest vekt på foreldra sin økonomiske situasjon, og mindre på økonomien åt den personen foreldra skulle bu saman med. Grunngevinga for dette er at den som bur att med foreldra, dersom dei er skilde, ikkje har noko plikt til å dekkje utgifter som er knytte til naudsynt underhald for søkjaren av utdanningsstønaden. Somme vil nok vere med å dekkje denne typen kostnadar, men det vil variere frå ulike familietilhøve. Vi meiner difor at det vil vere urimeleg å leggje like mykje vekt på inntekta til ektefellen eller sambuaren til ein av foreldra som på foreldra sjølv.

Framlegget til brigdet i § 7 fyrste stykkje siste punktum i Utdanningsstøtteleven «Ved behovsprøving kan det også legges vekt på økonomien til forsørgers ektefelle eller samboer» meiner vi er god, men vi vil få det klårt fram at det ikkje skal leggjast like mykje vekt på desse som

på foreldra. Dette bør kome klårt og tydeleg fram.

«Lånekassens adgang til innhenting av opplysninger fra andre - forslag om utvidelse»

Vi meiner det skal vere sams reglar for å hente inn informasjon om studentar som det er for å hente inn informasjon om lærlingar. Vi meiner det er viktig at det vert lagd til rette for at Statens lånekasse for utdanning får høve til å utvikle seg digitalt. Dette vil vonleg føre til at dei får frigjort ressursar dei kan nytte annleis. På den andre sida må det vere strenge krav til oppbevaring, sletting og tilgjenge til denne informasjonen, som er unnateken ålmenta på grunn av teieplikt. I dette høvet meiner vi det er viktig med høvet til å hente inn informasjon direkte, fordi det vil betre handsaminga og frigjer ressursar, men vi meiner at personopplysningar og vern om dette skal stå særst høgt.

Ungdomspolitisk utval, Skei i Jølster den 9. d.m. Medlemane på møtet er i det vesentlege samde i innhaldet av dette dokumentet.

Spørsmål kan rettast til underteikna. Kontaktinformasjonen finn De nedst i dette dokumentet.

Med helsing
for Ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane

Dag Henrik Nygård
fungerande leiar

Ungdomspolitisk utval
Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga
Postboks 173
6801 FØRDE
postmottak.kultur@sfj.no
www.sfj.no

E-post: daghenrikn@hotmail.no
Mobiltelefon: 466 455 75
Kleiva 24
6900 FLORØ